

## **Resolusjon vedteke på fylkesårsmøtet 2017 – Eldreråda må få betre arbeidsvilkår.**

Eldreråda, evt. kombinerte råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne, har ein svært viktig rolle i lokaldemokratiet. Difor er det svært viktig at råda både er samansette og valde slik lova krev, og at råda får arbeidsvilkår som gjer at dei kan ivareta den viktige rolla det er tenkt dei skal ha.

Det er svært sjeldan vi finn kommunestyremedlemmer som er komne opp i pensjonsalderen, endå pensjonistane utgjer ein stor og veksande andel av dei som bur i Sogn og Fjordane. Eldreråda vert såleis einaste organet der denne store gruppa er representert, og som har fyrstehands kjennskap til kvar skoen trykkjer. Pensjonistar og eldre sit også inne med store ressursar, kunnskapar og røynsle frå eit langt liv og alle mogelege yrke. Desse ressursane bør kunne nyttast til beste for lokalsamfunna.

I mange kommunar er eldreråda valde i samsvar med lova, dei har god sekretærhjelp, dei får sakene i god tid, og vedtaka deira fylgjer saka heilt fram til endeleg avgjerd i kommunestyret. Her er og døme på at leiar eller annan representant for rådet får talerett i kommunestyret i aktuelle saker. Dette er ein praksis som fleire kommunar bør innføre.

Men, dessverre, i nokre kommunar er eldreråda nærast tilsidesette, ja ein høyrer både politiske og administrative leiarar som omtalar eldreråda som «hår i den kommunale suppa». Skal råda fungere, må dei få gode arbeidsvilkår. Dei skal ha rett til å uttale seg i alle saker som vedkjem dei eldre, og evt. dei funksjonshemma i kommunen, dei skal få sakene i god tid, dvs. før handsaming i andre kommunale organ, og dei har krav på god, stabil og kvalifisert sekretærhjelp.

Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane oppmodar alle ordførarar og rådmenn i fylket om å sikre at eldrerådet i deira kommune har eller får gode arbeidsvilkår, eit minimum er at ein oppfyller krava i eldrerådslova.

Resolusjonen blir send til alle ordførarar og rådmenn i fylket. Fylkeseldrerådet, eldrerådet i kommunane.

Med helsing

Per Kjelstad

Fylkesleiar

Kontoradr: Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane, Postboks 140. 6801 Førde, Tlf. 578 24 943 mail:  
[sognogfjordane@pensjonistforbundet.no](mailto:sognogfjordane@pensjonistforbundet.no) Kontordagar måndag, tysdag, torsdag og fredag.  
Besøksadresse: Fjellvegen 10, Førde. Heimeside: [www.pensjonistforbundet.no](http://www.pensjonistforbundet.no)